

Vestmannen

Nr. 3

Bergen, 20. mars 2001

17. årgang

Dikt av Jan Prahll frå 1875?

Av Jostein Krokvik

Jan Prahll (1833-1921), den sermerkte vestmannen som ikkje alltid fylgde den vanlege vegen, hev gjennom åri hev fenge mange lastord og einskilde rosande ord for det halvt gamalnorske målet sitt i boki Ny Hungrvekja (1858). Han drog til Nederland 27 år gamal i 1860. Der søkte han hjelp for ein augnesjukdom i Utrecht hjå professor Donglas, då rekna for den fremste augnelækjaren i Europa.

Prahll vart verande utanlands; ihugen vakna for medisinarfaget, han immatrikulera seg på universitetet i Utrecht, vart medisinsk kandidat i 1865, og tok medisinsk doktorgrad i 1868, alt med framifrå godt resultat. Sidan praktisera han medisin i Nederland, med serleg sans for augnelidingar. Sin eigen augnesjukdom vart han aldri heilt kvitt, men han arbeidde med lækjargjerningi i Nederland til ein høg alderdom. Jan Prahll elska norrønt og gamalnorsk til det siste, men det var knapt nokon «sjukleg elsk», slik Kristofer Janson noko lettvent skriv i innleidingi til Krohns skrifter i 1909. Folk elskar all verdsens mål, alt etter bakgrunn, kunnskap og huglynde, men det treng ikkje vera noko sjukdomsteikn!

No heldt Prahll uppe sambandet med Noreg; han skifte brev millom andre med Henrik Krohn (1826-79), Vestmannalags-grunnleggjaren og målbrøytaren framfor nokon på Vestlandet. Det meste av brevsifte er elles truleg burte. Prahll skreiv rim og dikt, stundom til vener, og til Krohn sende han sumt. Men Prahll var ein sjølvkritisk mann, i brev til Krohn 7. januar 1866 meinte han produkti var av «a very inferior nature», og um noko kom på prent, måtte det vera namnlaust. Sume hev gjeve Prahll ord for å vanvyrda Aasen-målet som han skulde tykkja var

for «simpelt» mot gamalnorsken som han lika best. Men dette er ei tvilsam sanning, og i alle fall er modifikasjonane sterke. Prahll skreiv brev og ei bokumsetjing (Sjoslaget paa Vaagen i Bjørgvin, 1907) på Aasen-mål, og alt i 1866 då Henrik Krohn gav ut bladet «Ferdamannen. Eit Vikoblad aat Aalmugen» (1865-1868), fyrste målsbladet i Noreg etter «Dølen», medgav Prahll at bladet var betre enn alt han hadde venta, og det var i form som innhald «udmærket afpasset efter dets Bestemmelse».

I 1875 (6. årgang) finn me i «Fraa By og Bygd» (FBB) nr. 1, 15. januar, eit lite dikt «Ved Marsteinen» utan diktarnamn, og det var vanleg for Prahll. Ingen hev gissa på opphavsmann til diktet, heller ikkje professsor Torleiv Hannaas som ofra mykje arbeid på å ettervisa opphavsmennene bak løyndemann i Ferdamannen og FBB. Hannaas segjer elles at Prahll venteleg gjennom livet skreiv mykje som ikkje vart teke vare på; same kor ein dømer um Prahll, er dette eit tap. Vestmannalaget gav ut FBB i dei ti åri bladet kom (1870-79), og Henrik Krohn var drivkraft. Han var skriftstyrar dei fyrste åri, men i 1875 hadde han flytta fast til Sogndal der han hadde fabrikk og gard, og dette året var Olav Lofthus skriftstyrar, han var knytt til Bergens Tidende og var sjølv høvediktar. Diktet er prenta på det Aasen-målet som vart bruka i FBB på denne tidi.

Når eg freistar knyta diktet til Jan Prahll, er det fordi det i sumt språkleg, i formi, temaet og den litt tungsame tonen, minner um dei par kjende dikti av Prahll. Jan Prahll var ein bolck heime i Bergen på denne tidi (1872-82), og han kom med i stjorni for Vestmannalaget medan han var på heimlege kantar. Marsteinen er ei liti øy med fyrtårn ved

innsiglingi til Krossfjorden i Hordaland, heilt ut mot Nordsjøen. Denne vegen, burt frå Noreg, hadde Jan Prahll siglt meir enn ein gong. Men det eg skriv, heimfester ikkje diktet fullvist til Prahll; det er eit slengkast.

Ved Marsteinen

*Um Noreg tyter Havet
sitt gamle, ville Kvad
og skjerrer burt fraa Skjerjom
kvart Straa, kvart fagert Blad.*

*Der er det villt og audslegt –
den snaude Holmastein
ris upp or kolblaa Kavet
som brotet Jøtulbein.*

*Paa Skjerjom Sjøfugl stender
med sinom leide Laat,
og kvin um Dagar tunge
imillom Brim og Brot.*

*Er du so hugill, ljose Dyr?
Er Livet ditt so illt?
Sjaa, Havet er ditt Odalsland,
kvat er det meir du villt?*

*Det er so vidt, det er so fritt,
og er det stundom illt,
so mang ein fager Sumarsdag
det ligg som Engjar stillt.*

*Og Terna skjekjer Vengjom fljott
og leggst paa Bylgja blaa –
og Vinden fyller kvite Segl
og ber meg Noreg ifraa.*

Ordtøkjet:

*Ein broten stav er vond å
stydja seg på.*

Etter Ivar Aasen

Ordsoga åt dei heimlege ordi

Harald Bjorvand og Fredrik Otto Lindeman:

Våre arveord. Etymologisk ordbok
Novus forlag. Oslo 2000

I dei sidste åri hev det kome mange etymologiske ordbøker, dei kallar, millom anna tri bøker av Johan Rosbach, og ei av Sverre Klouman. Sams for desse er at dei ikkje er vitenskaplege, dei hev mykje tykkjing og sume mistak, serlegt boki hans Sverre. Attpåtil kann dei vera noko rotut lagde upp, til dømes kann dei brådt gjeva upp ei indoeuropeisk rot til eit ord, men ikkje segja noko um korleides ljodi brigde seg frå indoeuropeisk til forntydsk (frumgermansk). Men den store skuggesida med dei alle er at dei rømer mest lånord. Dei norske ordi er av einkvan grunnen ikkje forvitnelege. Det er ei undarleg syn, for det er radt dei som hev ei hugtakande soga, sidan dei hev brigdt seg mykje i både tyding og skap. Alle dei romske (latinske) og greske lånordi, som dei nemnde ritarane er so glade i, hev snaudt skift tyding eller skap på mesta 2000 år, sidan dei stort set er tekne rett upp frå den tidi, i staden for at dei hev vore med folket jamt. Det er detta boki "Våre arveord" bøter på. Ho er vitenskapleg, for det er tvo høglærarar {professorar} som hev rita henne, og dei tek fyre seg dei ordi som hev vore med oss heile vegen, erveordi.

Fyrst litt um yrkesordi. Etymologi er eit flokut og uturvande ord for ord-soga, eit ord som mesta gjev tydingi si sjølv. Det er soga åt ordi, kvar dei kjem frå og kva den opphavlege tydingi var. Erveord er som sagt dei ordi som hev vore med oss heile vegen, helst frå dei eldste tider, som er indoeuropeisk tid. Indoeuropeisk er namnet på opphavsmålet vårt. Difor tykkjer eg me kunde kalla målet radt det, opphavsmålet. Der er ymse framlegg til kvar indoeuropearane, ættefederne, hørde heima, og til når målet deira kom upp. Men det er tala um at det er fleire tusund år sidan. Forntydsk er namnet på ei avgreining av opphavsmålet. Det vart tala nord i Kveldlandet {Europa} kring fødsli Kvitekrist, og var opphavet til mål som engelsk, tydsk, flamsk, islensk, norsk, færøysk, svensk, dansk og gotsk.

Boki tek på med ei innleiding um forntydsk, og um ovringane det forn-tydske ljodskridet og Verner-logi. Dei er det mykje um å gjera å skyna skal ein lesa gamal ordsoga. Andre ovringar, som barkeljod-læra (laryngal-teorien) og i-ljodbrigdet, er greidde ut um inni boki, under oppslagsordi. Der høyrer dei ikkje heima, tykkjer eg. Dei skulde stade i innleidingi i lag med dei andre ovringane. Eller det kunde hava stade under det oppslagsordet der ovringi fyrst er nemnd, so ein slepp å bledja framleides i boki for å finna ut kva eit barkeljod no er for noko. Attåt saknar eg ei utgreiding um ljodspranget (og "tema", dei kallar). Denna ovringi er nog den som hev havt mest å segja i opphavsmålet vårt, og ho er nemnd ofta i boki. Det er nog mange som ikkje veit kva ljodspranget gjeng ut på, so ei utgreiding må med.

So kjem oppslagsordi, meir en tusund sidor i alt. Dei er skipa soleides, at fyrst stend det norsk-danske ordet (det norske ordet stend attved um det ikkje er likt) med tyding. Er ordet eit lånord i norsk, so vert det nemnt med det same. Elles segjer dei berre at det er eit erveord. So kjem ei yversyn yver kva ordet heitte på dei ulike nordkynmåli {germanske måli}. So ei utgreiding um desse ords-kapi i nordkynmåli, og endelegt ein bolck um opphavet til detta ordet i opphavsmålet, med jamføringar med andre avgreiningar frå opphavsmålet.

At oppslagsordi stend på norsk-dansk er sjølv sagt ikkje det mest laglege for oss, men det er til å liva med, sidan dei er glupe til å føra upp det norske ordet attved, og ikkje minst av di dei stort set er noggranne med å segja i frå um ordet er eit lånord, jamvel um det kjem frå dansk. Det er uvan kost! Slå upp i kva ordbok som helst frå i dag, og eg kann borga for at du ikkje finn opplysingi "frå dansk" i ordsogebolken. Grunnen til at dei er glupe til å segja i frå um ordet er eit lånord i denna boki, men at det er so å segja heilt fråverande i andre ordbøker, kjem fulla av at dei som hev rita denna boki er vitkapsmenn, og at dei som hev rita hine ordbøkene som oftast er målstridsmenn attved. Dei ynskjer å skylla sanningi når ho ikkje batar saki deira. Hann Harald og hann Fredrik vil heppelegt ikkje dylja san-

ningi, jamvel um dei då syner bjart at norsk-dansken er meir dansk en folk flest er vare. Eg skal gjeva nokre døme på detta. Dei segjer at "bedre [...] er i denne formen lånt fra da. bedre", "ledd er et nedarvet substantiv i da. form, jf. nno. led". Jamvel der det danske opphavet er uvisst, segjer dei ifrå: "det er [...] nærliggende å tenke seg blomst [...] som et lån fra dansk", "blære [...] er et nedarvet substantiv som i denne formen kan tenkes å være lånt fra dansk". Til og med der berre framburden {uttala} er unorsk, segjer dei ifrå: "uttalen med -d- i føde [skyl-des] de fleste steder skriftpåvirkning", "hud [...] er lånt frå dansk, jf. den hjemlige formen i nno. hud [...] uttalt uten [d]", "den konsekvente mangelen på "tykk l" i uttalen [av hale] [...] kan tyde på da. lån eller påvirkning". Det er godt å endelegt kunna sjå sanningi koma fram um unorske ord og unorsk framburd.

Men diverre kann slike opplysingar vanta au. Mange stader der dei hevdar at oppslagsordet er eit erveord, held eg det for å vera kavt danskt, påverka frå dansk, eller leseframburd av norsk-dansk. Men det vert for flokut å ganga nøgnare inn på det her i ei bok-melding. Attåt kann dei vera for snøgge med å hevda at eit gamalnorskt ord er burte i norsk. Um ein nøyter Norsk Ordbok til oppslagsverk (noko dei gjer), då kann ein finna desse ordi dei segjer er burte til egne oppslagsord.

Til side 10

Høgnorskringen

Høgnorskringen er ein landsdekkjande ring som vil reisa nynorsk i sitt «beste lag» (Aasen). I høgnorsknamnet ligg programmet. Open for alle som er samde i grunntanken.

Ringene er med i Ivar

Aasensambandet.

Årspengar: 50 kr

Skriv til:

Høgnorskringen

Grensa 8, 0159 Oslo

Tlf. 22 33 68 10

Postgiro 0530. 49. 45119

e-post:

havard.tangen@oslo.online.no

Kristian Strømshaug heidra med Østfoldmålprisen

av Kjetil Aasen

På ei tilskipping i Fredrikstad 13. desember 2000 vart målmannen og lagsmannen i Høgnorskringen Kristian Strømshaug (f. 1921) heidra med Østfoldmålprisen. Østfold mållag etlar ut denne prisen kvart år, dersom dei finn ein høveleg mottakar, til ein person som mållaget tykkjer hev gjort eit framifrå arbeid for nynorsken og/eller målføri i Austfold. Dei tidlegare mottakarane er professor Einar Lundebø (1996), radiomann Hans Jørgen Olsen (1997), forfattar og folkeminnesamlar Øyvind Bremer Karlsen (1998) og tidlegare leidar i Østfold mållag Per Thorvald Larsen (1999).

Grunngjevingi frå styret i Østfold mållag legg serleg vekt på det arbeidet Strømshaug gjenom snart seksti år hev drive for å dokumentera og ikkje minst føra vidare den språklege og kulturelle norske arven som hev livt på bygdene i Austfold til liks med i resten av landet. Ho legg serleg vekt på arbeidet hans for reine norske målføre, eit arbeid som kann samanliknast med det Ivar Aasen gjorde i si tid. Det er gledelegt å sjå at eit fylkeslag i Noregs mållag kjem med slike utsegner, og ein fær vona at dette er noko meir enn eit eingongshende, jamvel um den voni nog kann vera i største laget.

Når ein ser lista yver namni på deim som hev fenge prisen fyrr, kann ein undrast yver kvifor ein person som Kristian Strømshaug ikkje hev fenge honom tidlegare. Det store arbeidet han hev gjort for målføri og det norske målet i Austfold hev vore velt kjent millom mållagsfolk i fylket gjenom mange år. Utan å visa vantage respekt for dei tidlegare mottakarane, vil eg hevda at det finst få noli-vande personar som hev utført eit arbeid med so stort varugt verde for norskt mål i Austfold som Strømshaug. Ogso andre hev fyrr visst å setja pris på det arbeidet han

hev gjort for Austfold-kulturen; i 1973 fekk han Austfold fylkes kulturpris og i 1986 fekk han kulturprisen åt Råde herad.

Kristian Strømshaug er fødd i Råde der han framleides bur på heim-garden. Heilt sidan ungdomen hev han havt skyn og hug for å arbeida med norskt mål og kultur. Han hev ingi formell filologisk utdanning, og hev tidlegare m.a. vore bonde og snikkar. Attåt arbeidet samla han gjenom ei årrekke inn språklegt og anna tradisjonstilfang i og kring heimbygdi. I 1972 vart han tilsett ved Borgarsyssel museum i Sarpsborg, og fekk soleides høve til å driva innsamlingsarbeidet på full tid. Dessutan vart arbeidet utvida til å dekkja heile Austfold. På Borgarsyssel var han til han gjekk av med pensjon i 1988. Attåt anna arbeid hev han gjenom mange år vore ein av dei fremste heimelsmennene åt Norsk målførearkiv.

Etter at han vart pensjonist hev han halde fram med mykje av det same arbeidet som fyrr, men hev fenge betre tid til å arbeida med sine eigne prosjekt. Dei siste åri hev han gjeve ut tri bøker. Samanhengen mellom målføra i Østfold og det nynorske skriftmålet (1991) er ein stutt gjenomgang av korleides målføri i fylket er greiner av det norske målet på lik lina med andre målføre som av mange, ogso av målfolk, ofte hev vorte oppfatta som meir "nynorske". I motsetnad til dei tvo bøkene han hev gjeve ut etterpå er denne skrivi på Råde-mål, noko som gjer innhaldet og meiningi klårare. Mål i Østfold (1995) er ei bok der han og medredaktørane Arve Borg og Joleik Øverby, som hev vore knytte til Norsk målførearkiv bae tvo, dokumenterar norskt måltilfang i Austfold. Boki inneheld millom anna opplysningar um samlarferdene åt Ivar Aasen i Austfold, ei yversyn yver tilfanget frå Austfold i ordbøkene åt Aasen og Hans Ross og ei rekkja

detaljere målførekart som syner korleides ordformer og ord skifter innerter i Austfold. Hovudmålet med boki er å syna at austfoldmåli er lut av nynorskt mål, og dét vert velt dokumentera. Den tredje boki Lafting - emne og omgangsmåte (1997) tek fyre seg ei onnor sida av norsk kulturarv. Denne er ei innføring i ulike lafteteknikkar. Med denne boki syner han at han ynskjer å dyrka og føra vidare alle sidor av norsk kultur. Elles hev han skrive ymse stykke um liv og tradisjon i austfoldbygdene, mange av deim på målføre. Dei seinste åri hev han og vore til god hjelp i samband med utgjevingi av storverket Bustadnavn i Østfold.

Som ein kann sjå av takketala hev det alltid vore viktugt for honom å sjå heilskapen i det norske og dyrka fram det beste av den norske kulturen. Takk vere Kristian Strømshaug hev mykje tilfang som elles kunde hava gjenge i gløymeboki vorte teke vare på for ettertidi. Soleides er det all grunn til å gratulera Kristian Strømshaug med ein svært velt fortent pris.

frå side 10

Og er dei eigne uppslagsord i hovudverket for norskt mål, då er dei inkje burte.

I boki hev ritarane nøytt nemningane "norsk", "nynorsk" og "bokmål". Det er ikkje godt å nøyta alle desse tri, for det byr ikkje vera nokon skilnad millom "norsk" og "nynorsk". Etter at namnet på ritmålet vårt, landsmålet, fekk namnet nynorsk, då femner namnet nynorsk um både ritmålet og alle målføri, so det vert skilt frå gamalnorsk. Kva det norsk-danske ritmålet vert kalla, hev ikkje so mykje å segja. Me tarv ikkje fleire nemningar en berre ei for det norske ritmålet og dei norske målføri, og ei for det norsk-danske ritmålet. Når namnet "norsk" i denna boki i røyndi vert nøytt um det norsk-danske ritmålet, bokmålet, då

frå side 10

sit ein att med tokken at "nynorsk" er noko anna en "norsk", og det er nok ikkje det ritarane hev meint. Dei hev nok etla at "norsk" skulde vera samnemningi for "nynorsk" og "bokmål", men når namnet "bokmål" so å segja aldri er nøytt i boki, då kann ein tru at dei held "norsk" for å vera det same som "bokmål", og "nynorsk" for noko anna. Det beste hadde vore um dei hadde teke burt nemningi "norsk", og skift namni "nynorsk" og "bokmål" soleides eg nemnde ovanfor.

Namnet på boki, "Våre arveord", segjer greidt i frå um kva ord dei ritar um. I innleiing segjer dei kvifor dei hev teke med sume unorske ord au, serlegt tydske. Det er av di dei var i målet vårt au, i frumnorderlendsk, sidan dei finst i dei andre nordkynmåli. Det er greidt. Men nokre fåe stader hev dei teke med romske ord til oppslagsord, ord som ikkje fanst i dei gamle nordkynmåli i det heile. Det tykkjer eg er uturvande i denna boki. Elles vantar det sume vanlege ord i boki. Det er av di dei ikkje kunde segja noko visst um opphavet. Men eg tykkjer dei kunde hava teke dei med endå, og kome med eit framlegg til kva opphavet var.

Der er gode utgreidingar um det ljodlege opphavet og den ljodlege framvoksteren til ordi. Men eg hadde ynskt å sjå meir til sogor um tydingi, for det er sers forvitnelegt å sjå påstand og utgreidingar um skyldskapen millom ord som eit bein - å bita, å blota - ein blome, ein bak - å baka, og å blanda - blind. Men det kann sjølv-sagt vera at dei færreste ordi hev ei lika forvitneleg saga som desse eg nemnde no.

Alt i alt er det ei god vitskapleg bok, og det er sant som det stend på bokumslaget, at boki kann setjast i staden for Etymologisk ordbog over det norske og det danske sprog frå 1906 av Falk og Torp. Ho hev mange fleire, og betre, utgreidingar um ljodleggt opphav og framvokster en Etymologisk ordbog hev. Men Etymologisk ordbog rømer fleire ord, so er ein forviten etter ordsoga byr ein hava både tvo, attved Nynorsk etymologisk ordbok av Alf Torp, som både er ei ordsogebok og ordbok for nynorsken (det er dei norske målføri). Desse bøkene burde då standa i bokhylla hjå kvar ein norske som er forviten etter norsk ordsoga.

frå side 4

1919 og var skriva av Alf Torp. Tidlegare hadde han og Hjalmar Falk samarbeidt om eit dansk-norsk etymologisk ordboksverk (1903-1906), som seinare kom i ei utvida tysk utgåve (1910). Det er eit forunderleg faktum at Bjorvand og Lindeman sit i nett dei same professorata som Falk og Torp hadde for 100 år sidan, og ein antroposof ville truleg ymta fram på om reinkarnasjon og karmiske band.

Bjorvand og Lindeman hev samarbeidt om dette verket i omlag 10 år, og tallause timar med lesing, dryfting og skrivning ligg attom desse 1142 sidene. Dei er klårt ulike når det gjeld språk og uttrykksmåte: "germanaren" Bjorvand hallar mot "folkemål", medan "indoeuropearen" Lindeman er tydeleg tradisjonell riksmålsmann og er elles krassare enn felagen når han vurderer andre granskarar og synsmåtane deira.

Samarbeidet hev vore av det kreative slaget, for omframnt grundig

framstilling bygd på tidlegare gransking, tek dei òg sjølvstendig stilling til omstridde spursmål og kan leggja fram nye etymologiar. Dei knyter t.d. sjel til *aiwa (æve) kar til kjerne (jfr. "kjernekar"), elske til eld, og dei reknar det som sannsynleg at den opphavlege tydinga av gut(t) er pratmakar ("ordgytar"). Men der er òg døme på uløyste problem, slik som jul/jol "som er og blir en etymologisk gåte".

Endå om boka er skriva på eit meir eller mindre moderat bokmål, er det teke rimeleg omsyn til nynorske ordformer. Sume oppslagsord er reint nynorske. Språklege nasjonalistar kan nok finna sumt å irritera seg over, men etter det eg hev høyrert er det enno von om at professor emeritus Oddvar Næs i Bergen kan få fullført og gjeve ut det etymologiske verket han hev arbeidt med i mange år. Og det ville i tolleg stor grad vera ei ordbok på nynorske premisser, og dei to etymologiske verka kunne då på framifrå og forvitneleg vis utfylla

Ivar Aasen-bøker

- Ivar Aasen: Norsk Maalbudad.* Samanstilling av norske ord etter umgrep og tyding, 2. utg. Hefta kr 60, i bd. 80 kr
Arne Garborg: Ivar Aasen. Fyreord av Trygve Lande. Fin miniatyr-bok. 1996, i bd. 95 kr
Jostein Krokvik: Ivar Aasen – sosial frigjerar og nasjonal måltreisar. Livsskildring. 1996, bd. 250 kr
Jarle Bondevik og Oddvar Nes (red.): Ivar Aasen-studier. I. Med artiklar av Jarle Bondevik, Andrew Robert Linn og Bjarne Ulvestad. 1998, hft. 160 kr

I serien med dei uprenta skriftene etter Ivar Aasen, utgjevne av Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset, er til no desse bøkene komne:

1. **Sunnmørsgrammatikkane** av Ivar Aasen. 1992, hefta 180 kr
2. **Målsamlingar frå Sunnmøre** av Ivar Aasen. 1994, hefta 200 kr
3. **Målsamlingar frå Bergens Stift** av Ivar Aasen. 1995, hefta 230 kr
4. **Målsamlingar frå Christiansands og Agershuus Stifter** av Ivar Aasen. 1997, hefta 230 kr
5. **Målsamlingar frå Trondhjems og Tromsø Stifter** av Ivar Aasen. 1998, hefta 230 kr
6. **Målsamlingar 1851 – 54** av Ivar Aasen hefta, 250 kr
10. **Dansk-norsk Ordbog** av Ivar Aasen, 2000, hefta, 230 kr



Norsk Bokreidingslag

Postboks 684, 5807 Bergen

Telefon 55 30 18 99 – Telefaks 55 32 03 56